

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **15. februar 2022** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H),) Karsten A. Larsen (FrP), Marit Hølland Gjedrem (Sp), Emly Årvik (A) og Svein Terje Brekke (KrF) t.o.m. kl. 20.30
MØTANDE VARAMEDLEMMER	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Revisor Deanne Kvammen
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje Hamnedirektør Tore Gautesen, Karmsund Havn IKS i sak 2/22 Økonomisjef Meike Baumgart i sak 3/22 Ordførar Sigmund Lier (A)
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.11.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 09.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 09.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/22 ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP - KARMSUND HAVN IKS

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tek orienteringa om Karmsund Havn IKS v/hamnedirektør Tore Gautesen til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Hamnedirektør Tore Gautesen innleia med å vise til at Haugesund kontrollutval gjennomførte ein eigarskapskontroll i fjor og Karmøy vil gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i år. Han viste så en film om selskapet, som viste den store utviklinga frå 160 år sidan, med seinare utbyggingane av Garpaskjær, Killingøy og Husøyområdet. Berre i år vil det bli investert 100 mill. ved Husøy.

Gautesen forklarte om selskapets ulike verksemdar innan cargo, offshore, fiskeri, cruise, eigedom og flyplassdrift. Karmsund Havn er ein av landets største hamner, både målt i omsetnad, gods- og passasjervolum med rundt 50.000 anløp i året. KH er ein av 16 norske TEN-T-hamner (EU-nettverk for viktige samfunnskritiske hamner) Selskapet vert eigd av seks kommunar (Karmøy, Haugesund, Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn), og er delegert mynde til å handsame ulike saker på vegne av kommunane etter hamne- og farvasslova.

Han orienterte om selskapets styrande organ, plandokument (ny 10 års plan under revisjon) og forretningsområda. Ifølge Gautesen hadde eigarstrategien frå 2017 vore eit godt reiskap. Det vert no arbeida med ei gjennomgang av konsernstrukturen. Selskapets generalforsamling er hamnerådet, som godkjenner budsjett, prisar og lånerammer. Selskapets styre er sett saman av kompetente personar med fagbakgrunn.

Regnskap 2020 og førebels tal for 2021 blei presentert. Resultata var gode, til tross for koronasituasjonen med bortfall av cruisetrafikk. Dagens låneramme er på 800 millionar, av dette er ca. 680 mill. nytta. Selskapet har også lån gjennom dotterselskap. Investeringsraten er høg, noe som vil gje høg avkastning på sikt. Han gjekk også gjennom selskapets risikovurderingar knytte til lån, kontraktar m.m. Han meinte sett i los av ESA sin krav om kommersiell verksemd at selskapet i framtida ville måtte bli eit aksjeselskap. I følgje ei analyse frå 2018 generer selskapet rundt 3000 arbeidsplassar i regionen og han framheva det gode samarbeidet på Haugalandet.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om kommande arealbehov, samarbeidet med Haugaland Næringspark AS, transport av bilar på veg kontra sjø, kapasitet for anløp av cruiseskip pr. døgn, om kraftbehov frå ny kabel for landstrømsforsyning i åra framover.

Leiar takka for ein god og interessant orientering. Ordførar framheva utviklinga som eit eventyr og at Tysvær er ein stolt medeigar i selskapet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Tysvær kontrollutval tek orienteringa om Karmsund Havn IKS v/hamnedirektør Tore Gautesen til orientering.

SAK 3/22 OPPFØLGING AV ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMI-FORVALTNINGA FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sin tilbakemelding 07.02.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga knytte til sjølvkost for 2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalsleiar innleia. Han peika på at revisor sin attest var kome fyrst i haust og meinte at administrasjonen hadde gjeve eit godt svar. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sin tilbakemelding 07.02.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga knytte til sjølvkost for 2020 til orientering.

**SAK 4/22 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT
«KVALITETSSIKRING AV PLAN- OG BYGGESAKS-
HANDSAMINGA»**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport frå 2020 om «Kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaminga» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalsleiar innleia. Utvalet meinte det var gjeve ei grei tilbakemelding og at det var fint at det var kome nye system og rutinar. Rådmannen viste til at det meste var på plass, og lova og komme i mål med det som mangla. Utvalet slutta seg til innstillinga

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport frå 2020 om «Kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaminga» til orientering.

**SAK 5/22 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «TIDLEG
INNSATS»**

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tidleg innsats i barnehage og barneskole» i tråd med utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS. Ramma vert sett til 300 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalsleiar innleia. Utvalet meinte mandatet var godt skildra og at det var eit viktig område å sjå nærare på. Ordørar gav si støtte til prosjektet og viste til arbeidet med TK 2030 og demografiutfordringar med færre born i framtida. Samarbeid barnehage-skule blei framheva sett i ljøs av at fleire no slit med psykisk helse.

Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tidleg innsats i barnehage og barneskole» i tråd med utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 300 timar.

SAK 6/22 KONTROLLUTVALET SIN ÅRSPLAN FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringar/tillegg).

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalsleiar gjekk kort gjennom årsplanen, som var å sjå på som eit internt arbeidsdokument for utvalet. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsplan for 2022.

SAK 7/22 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2021 (med evt. endringar/tillegg).

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalsleiar gjekk kort gjennom årsmeldinga. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2021.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2020 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 8/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.02.22

1. Statusrapport pr. februar 2022
2. Kom.styrevedtak 14.12.21, sak 85/21 – Forvaltningsrapport – Effektivisering, forbedr...
3. Kommunestyret 14.12.21, sak 90/21 Budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025 (IM)
4. Rekneskap 2021 og budsjett 2022 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Tertialrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 10.12.21

8. Spørsmål frå utvalsleiar til ordførar 08.12.21 om innkalling av kommunestyremøte som fjernmøte 14.12.21 og praksis generelt for bruk av fjernmøte
9. Tilbakemelding frå ordførar den 11.01.22 på innspel frå utvalsleiar om fjernmøte
10. Oversending 20.12.21 frå adm. av KST-vedtak 15.06.21, sak 55/21 - Albatross Aksdal
11. Oversending 24.01.22 frå Venstre om sak til kontrollutvalet om lovar, reglar og prosess rundt Førland skule og nærskuleprinsippet
12. Orientering om Alver-dommen, adv.firma Lund & co sin workshop og status kommuneøkonomi v/ rådmannen
13. Konferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 02.12.21 v/leiar og sekr.
14. NKRFs kontrollutvalskonferanse 2022 – digital 01.-02.02.22 v/leiar og sekr.
15. Statsforvaltaren i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunene i 2022
16. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn.rev.rapport «Haugalandspakken»
17. Hgsds Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131/21
18. Fylkestingets behandling og vedtak 14.12.21, sak 131/21
19. Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken»

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.22:

Utvalet hadde ingen merknader til referatsakene 1-7.

Referatsak 8 - Fjernmøter

Utvalsleiar viste sin presentasjon på skjerm om regelverk om møteoffentlegheit som hovudregel og kommunen sitt reglement 3.4 om bruk av fjernmøte. Etter hans syn var det trong for ei evaluering og klårgjering av gjeldande reglement. I tillegg til møtet 14.12.21 viste han til ulik praksis for to hovudutvalsmøte som blei halden på nyåret.

Utvalet drøfta bakgrunn for saka og leiar sitt utspel. Både Gjedrem og Årvik meinte saka fyrst skulle vore drøfta i utvalet fyrst. Larsen hadde tatt kontakt med leiar etter presseoppslag og fått nærare bakgrunn for saka. Brekke støtta opp under at kommunen må legge til rette for opne møter, og støtta leiar i hans prinsipielle syn. Utvalsleiar presiserte at dette handla om kommunen si etterleving av eige reglement, ikkje kritikk av politisk leiing i Tysvær kommune.

Utvalsleiar hadde følgjande framlegg til vedtak og innstilling:

1. *Kommunestyret bes evaluere det politiske arbeidet under pandemien.*
2. *Kommunestyret bes vurdere fjernmøter som arbeidsform.*
3. *Videre anbefales det at kommunestyret tar en samlet gjennomgang av politisk reglement i kommunestyret for å tydeliggjøre ansvar og myndighet i Tysvær kommune.*

Utvalet drøfta framlegget. Ordførar meinte at kommunen hadde følgd medisin faglege råd under pandemien, og at hovudregel var og skulle vere fysiske møte. Larsen peika på at også kontrollutvalet sjølv hadde gjort feil med å blande fysisk møte og fjernmøte i mai 2020. Utvalsleiar valde å tekkje pkt. 1.

Ved votering blei pkt. 2 og pkt. 3 samrøystes vedtatt og vert oversendt kommunestyret til vurdering. Presentasjonen vert lagt ved.

Referatsak 10 – Albatross Aksdal

Utvalsleiar viste til vedtak i juni og oversending til utval i desember. Rådmannen orienterte at det var avtalt møte med Berge Sag AS. Han ville orientere om utviklinga i neste møte. Utvalet var samd i å vente på den for meir avklaring, også mot KOFA-avgjerd.

Referatsak 12 – Alver-dom og kommuneøkonomi

Rådmannen orienterte. Formannskapet hadde nyleg deltatt på webinar i regi av Lund & Co om eigedomsbeskatning og mogleg konsekvensar av rettsavgjer. Kommunen må i det minste førebu seg på ei driftsreduksjon på minst 50 mill. dei neste 4 år. Ordfører uttrykte si uro og peika på at kommunen måtte starte omstilling i dag, og at dette ikkje var partipolitikk. Han viste til ulike regjeringsoppnemnde utval: Inntektssystem-utvalet, Generalistkommune-utvalet og skatteutvalet, som vil ha mykje seie for kommunane framover.

Utvalet hadde ingen merknader til referatsakene 11,13,-19.

Utvalsleiar takka for orienteringane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.22:

Referatsakene nr 1 – 19 blir tatt til orientering.

og innstilling til kommunestyret:

1. *Kommunestyret bes vurdere fjernmøter som arbeidsform.*
2. *Videre anbefales det at kommunestyret tar en samlet gjennomgang av politisk reglement i kommunestyret for å tydeliggjøre ansvar og myndighet i Tysvær kommune.*

Eventuelt

Ingen saker ble meldt eller tatt opp.

Neste møte: torsdag **24. mai** kl. 18.00

Saker: Orientering frå Haugaland brann og redning IKS, årsrekneskapen og årsmelding 2021 og etterlevingskontroll for 2021

Aksdal, 15. februar 2022

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær